

Referat frå møte 5 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	06.06.2024	Møtenr.:	5/2023-2024
Referent:	Magne Abelsen				
Tilstades:	Oddvar Jacobsen (FAU-leiar), Ane M. Rong (nestleiar FAU), Stian Telle (politisk repr.), Thea Bringedal (elevråd), Aina C. Kolstad (lærarrepr.), Laila Nordvik (lærarrepr), Borghild M. Fjell (avd.leiar) og Magne Abelsen (rektor)				
Ikkje møtt:	Mette Bongom (andre tilsetterepr.), Haben Angesom (elvråd) og Emma Celin Knarvik (elevråd),				

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	<p>Orientering frå rektor</p> <ul style="list-style-type: none">- Vigilo - nytt OAS (OppvekstAdministrativt System), erstattar mellom anna Transponder Meldingsbok- Tolking av mobilreglement jf. Ordensreglement - Ågotnes skule (oygarden.kommune.no), pkt. 8. Ordensreglementet gjeld så lenge det er elevar på skulen, det medfører frå SFO opnar kl. 7 til SFO stengar kl. 16.30. Vi ber difor elevane om å ha mobiltelefonen i sekken så lenge dei er på skulen sitt område i dette tidsrommet.- Bursdagsinvitasjonar – papirinvitasjonar på skulen kan leggst i sekkane, Facebook som føresette svarar på, meldingar i Transponder ønskjer vi ikkje, då det krev litt av lærarane si tid. Oppmode foreldrekontaktane til å vere moderatorar på Facebooksidane til klassane.- Lekser – personalet har starta ein prosess der dei ser på ulike sider med lekser. Målet er å bli ein meir leksebevisst skule.- Foreldremøte: Vi drøfta kort kva som er viktig å ha med i foreldremøta. Case/samtalar (god erfaring frå førskuledagen). Arbeide med å ha ulikt innhald i felles og klasseforeldremøte. Tips: elevdeltaking aukar vaksendeltakinga.- Felles Sommaravslutning for 1.-6.trinn. Skulen oppmodar klassane om å ha sosiale samlingar med elevar og foreldra, då det er veldig bra for miljøet. Flott om desse sosiale samlingane kjem tideleg på	



	våren, slik at klassane opplev litt av den positive effekten og at det blir litt rolegare for føresette rett før skuleslutt.	
Saker frå SFO:	<ul style="list-style-type: none">- Vigilo – nytt grunnlag for fakturering- Kunsttilbod i SFO gjennom Kulturskulen. (Kjekt med innslag frå andre – Hallaisiken, i skulen.)	
Saker frå elevrådet:	<ul style="list-style-type: none">- Fadderordninga – Flytta fadderordninga frå 4. trinn til 6.trinn.	
Saker frå FAU:	<ul style="list-style-type: none">- Ingen nye saker frå FAU.	